

Handlingsprogram for

Universell utforming



Arbeids- og administrasjonsdepartementet | Barne- og familidepartementet | Kommunal- og regionaldepartementet
Kultur- og kyrkjedepartementet | Miljøverndepartementet | Nærings- og handelsdepartementet
Samferdselsdepartementet | Sosialdepartementet | Utdannings- og forskingsdepartementet | Utanriksdepartementet



MILJØVERNDEPARTEMENTET



Foto: Svein Magne Fredriksen

Myntar og setlar er utvikla og forbetra gjennom mange år. Dei fleste kan skilje dei ulike verdiane frå kvarandre, sjølv om dei ikkje kan sjå pengane. Det er nok å halde i dei. Ny teknologi og standardiserte plastkort har førebels ikkje desse kvalitetane. Mange har problem med å bruke dei.

På mange sektorar står vi framfor utfordringa å utvikle løysingar som tek vare på behova til flest mogleg innbyggjarar. Samtidig har vi ei rekke eksempel på at desse løysingane kan utviklast. Fleire av dei er i bruk.



Foto: Svein Magne Fredriksen

UNIK ELLER UNIVERSELL

– ei ideologisk og praktisk problemstilling

Respekten for enkelpersonar eller folkegrupper krev i nokre samanhengar at forskjellar blir presiserte og framheva. For å skape ei kjensle av tryggleik eller å høyre til, eller på grunn av andre forhold, får enkelte grupper av folket spesielle tilbod som berre er for dei. Vi har tilbod for dei yngste og dei eldste gjennom barnehagar og eldresenter og det blir lagt til rette for at samisk identitet, språk og kultur skal utvikle seg saman med den norske. I andre samanhengar vil det bli oppfatta som stigmatisering og isolering om ein blir definert som ei spesiell gruppe av folket. Når ein vurderer verkemiddel for å få fleire kvinner til spesielle deler av arbeidslivet, er denne debatten tydeleg.

For personar med funksjonshemmingar, er problemet både å bli

respektert som annleis og samtidig bli akta som ein vanleg borgar i samfunnet med ordinære mogeligheter og rettar. Respekt for det unike krev tekniske hjelpemiddel, medisinar og andre føresetnader for å kompensere for funksjonshemminga. Når ein aksepterer at den funksjonshemma er ein vanleg borgar, aksepterer ein også at dei tilboda og sjanske som samfunnet gir, også skal vere eit naturleg tilbod for funksjonshemma. Det er samtidig viktig at det ikkje blir sett inn fleire særtiltak enn naudsynt for å oppnå dette. Slike tiltak bør ein vurdere som siste utveg når ein ikkje har noko anna val. Hovudløysinga bør vere å utvikle dei generelle kvalitetane, slik at dei dekkjer behovet til alle brukarane. Det unike skal inkluderast i det generelle og gi løysingar med universelle brukskvalitetar.

Framsida: Fortaua i Vadsø viser medviten bruk av materialar som gir god kanalisering av fotgjengarar og gjer det lett å kome fram for alle gåande. Overflatene er planlagde i lokal tradisjon og med lokale, varige materialar. Foto: Svein Magne Fredriksen.

UNIVERSELL UTFORMING

Foto: Svein Magne Fredriksen



Kollektive transportmiddel står framfor store forbetringar for å gjere dei meir brukande for alle passasjerar. Lavgolvtrikken i Oslo gir, saman med høgstandard haldeplassar, betre og sikrare på- og avstiging.

rasjonelle løysingar som byggjer opp om likestilling, samfunnskvalitetar og design



Tanken om at dei vanlege løysingane skal dekkje behovet til breie grupper i folket er ikkje ny. Fleire konkrete tiltak er også sett i verk for å oppnå meir vidtfemnande og rasjonelle løysingar. Livsløpbustadkonseptet til Husbanken, med utvida kvalitetar for rørslehemma, har sidan det vart lansert i 1986, gitt eit stort tal tilgjengelege bustader i den ordinære bustadmassen. Bustader med livsløp-standard finst i eit utal ulike bustadmiljø og ser ikkje annleis ut enn andre bustader. Forsking har vist at desse bustadene ikkje er dyrare å byggje, samtidig som livsløpskvalitetane gir samfunnsøkonomiske innsparinger. Innanfor barnehage- og grunnskulesektoren har vi kome langt med å gi pedagogisk opplegg som inkluderer alle born.

Strategien universell utforming er ei presisering og ein måte å gjere denne tenkinga tydeleg. Det er eit hjelpemiddel for å skape reelle «for-alle» løysingar. I kjernen av denne strategien ligg kravet om god funksjonelle kvalitetar, der omsynet til personar med nedsett funksjon er sentralt. Så langt det er mogleg, skal produkt, byggverk og uteområde, som er i allmenn bruk, utformast slik at dei kan brukast av alle. Teknologi og kompetanse vil avgrense kor langt vi kan kome i denne retninga, men dei same faktorane er også dei som vil gjere det mogleg å nå lengre. Gode brukseigenskapar må utviklast ved sida av at kvalitetar som tryggleik, berekraftig utvikling, estetikk og økonomi blir tekne vare på. Universell utforming er ein strategi som ikkje set ein endeleg standard for kvalitet, men som går ut på å søkje det beste til ei kvar tid.

UNIVERSELL UTFORMING i norsk politikk

Norsk politikk siktar mot å gi gode levekår for alle, i alle fasar av livet. Hovudansvaret for den offentlege politikken for ulike sektorar og folkegrupper er fordelt mellom departementa. Samtidig har departementa delansvar innanfor sine forvaltingsområde eller sektorar. Dette sektoransvarsprinsippet gjer at ei rekkje departement er involvert for å gjennomføre politikk som er vedteken av Storting og regjering. Barne- og familiedepartementet har hovudansvaret for politikken overfor born, medan ei rekkje andre departement har ansvar for born på sine område. Det vil blant anna gjelde skule, planlegging, kultur og transport. Sosialdepartementet har hovudansvaret for den overordna politikken for funksjonshemma. Sektoransvarsprinsippet gjer at praktisk talt alle dei andre departementa er involverte i å utvikle gode levekår for personar med funksjonshemming.

I denne situasjonen er det naudsynt å ha god oversikt over behov og løysingar for definerte grupper av folket, samtidig som ein må sjå samanhengar som kan gi rasjonelle og gode løysingar for alle innbyggjarar og ta vare på andre sentrale politiske målsetjingar.

Luftureining er både miljøpolitikk og helsepolitikk. Betre luft reduserer helseplagene til allergikarar, minskar helserisikoen for alle dei andre innbyggjarane og er i tråd med politikken om generelt reinare miljø. Det er viktig å skjerme borna i oppveksten og fleire samarbeider om å gi spesielt denne gruppa område å opphalde seg på som har best mogleg luftkvalitet.

Gågata i Hamar gir gode forhold for mange brukarar sommar og vinter. Fortauet er soneinndelt ved hjelp av slipt naturstein og støypejarmmotiv. Prosjektet har fått tilgjengeprisen frå Norges Blindeforbund. Gågata er teikna av Landskapsarkitektane 13.3 as.



Tønsberg bibliotek sameinar moderne arkitektur med gode tilkomstforhold og gode brukskvalitetar. I tillegg er kulturminne frå middelalderen gjort tilgjengelege og sikra. Biblioteket er teikna av Lunde og Løvseth Arkitekter AS og har fått ei rekke designprisar.



Idealmennesket er eit forenkla grunnlag for planlegging.



Foto: Svein Magne Fredriksen

Løysingar som er laga for enkelte brukargrupper har ofte kvalitetar som blir verdsette av mange. Rullestolrampen på Sjøstrand Bad på Askerlandet gir god og trygg tilgang til sjøen og blir flittig brukt av badegjestene.

Regjeringa har valt å poengtere desse samanhengane blant anna ved å peike på bruken av strategien universell utforming i fleire stortingsmeldingar og politiske dokument.

Universell utforming er eit stikkord for korleis ein kan ta vare på omsynet til både funksjonshemma og andre grupper i folket gjennom prinsippet om sektoransvar.

Diskusjonen om den framtidige politikken i høve til funksjonshemma omfattar tre hovudområde; forbetring av velferdsstaten gjennom å justere trygdeytingane, likestilling gjennom anti-diskrimineringslovgjeving og større innsats frå andre samfunnsområde enn helse- og sosialsektoren. Denne diskusjonen er også ein del av ein internasjonal prosess, der andre lands verkemiddel og vedtak i internasjonale fora påverkar norsk debatt og politikk. Både FN og Europarådet har gjort vedtak om politikk og verkemiddel som Noreg har slutta seg til. I tillegg utviklar EU traktatar og direktiv på fleire områder som kan påverke politikkområde i Noreg. Ikke minst gjeld dette samferdselssektoren. Det er ei aukande merksemd for verkemiddel

som supplerer innsatsen på helse- og sosialsektoren og det blir lagt stor vekt på å forbetra allmenne tiltak.



Foto: Svein Magne Fredriksen

Oppleivingssenteret Polaris er knytt til Polarmiljøinstituttet i Tromsø og sameiner høgt profilert arkitektur med gode funksjonelle kvalitetar for besökande. Bygget er teikna av JAF arkitekter.

Den internasjonale interessa for dette temaet aukar tilfanget av idear og løysingar som kan brukast i Noreg, men utviklinga gjer også at norske produsentar og kompetanseleverandørar vil ha behov for kunnskap for å møte interessa og krava på utanlandske marknader.

HANDLINGSPROGRAM for universell utforming

Frå 2002 blir handlingsprogrammet for universell utforming gjennomført for å styrke utvikling og bruk av løysingar med gode funksjonelle kvalitetar for alle. I starten blir programmet retta inn mot å konkretisere gjennomføringa av strategien i offentleg politikk og å inkludere tenkinga i statens verkemiddel. Alle departement som har ansvarsområde med tiltak som vender seg til breie grupper i folket står bak programmet. Ansvarleg for sekretariat og samordning er Miljøverndepartementet.

Målet med programmet er å auke likestillinga og gjere dei fysiske omgjevnadene i det offentlege rom meir tilgjengelege. Hovudinnfallsvinkelen er å bruke strategien universell utforming i all verksemd der han kan vere nyttig og gi resultat i praksis. Det vil seie å rette merksemrd og leggje føringar i stortingsmeldingar, statlege retningsliner og i fagleg vegleiing. Dette vil krevje innsats for å auke

kunnskapane hos dei som tek avgjerder og dei tilsette i offentleg forvalting og det vil forde tiltak innan forsking og utvikling. Ein del kompetanseutvikling vil kunne skje gjennom løpande utvikling og produksjon, til dømes av bustader, utediljø og læremiddel i skulen. Som ein hovudregel vil ein kunne ta vare på dette gjennom ordinære forskings- og utviklingsprogram i tråd med hovudbodskapen om at breie funksjonelle kvalitetar for heile folket skal sjåast som ein del av heilskapen. Nokre problemstillingar vil likevel krevje særskilt forsking og meir systematiske utviklingsprosesser.

Leskur med god design, gode miljøkvalitetar og moduloppbygging som gir høve til lokal tilpassing. Informasjon og behovet for lett tilgjenge er teke vare på. Leskuret fekk utmerkinga Merket for God Design av Norsk Designråd i 2001 og er utforma av accendo produktutvikling og Norfax AS.



Felix Fabula 1 er eit læremiddel for alle elevar i 1. og 2. klasse. Dei tre opphavlege arbeidshefta er supplerte med lydkassett, CD med storskrift og taleeffektar, teiknspråkvideo og punktskriftversjon. No kan ny teknologi dekkje grunnutgåva og fleire av tilleggsversjonane i ei og same løysing.



Foto: Stein Nørve, Læringsenteret



Foto: Husbanken

Stadionparken
bustadområde i Bodø er
basert på bruk av
bustader med livsløp-
standard. Området er
delt opp i fleire burettslag
og har også barnehage
og sjukeheim. Arkitekt:
Arkitektstudio a.s.



Foto: Norfax AS




Det går føre seg ei rekke aktivitetar for å følgje opp politikken om betre levekår for alle og for «full deltaking og likestilling», som er hovudmålet for politikken for personar med funksjonshemminger. Det er også sett i verk handlingsplanar som dekkjer særskilde område, til dømes IKT. Handlingsprogrammet for universell utforming vil tilpasse seg dette, og samtidig søkje å gjere innsatsen frå ulike offentlege instansar, fagmiljø og organisasjonar meir rasjonell.

Noreg deltek i ei rekke internasjonale fora og nettverk der universell utforming er, eller kan vere, eit aktuelt tema. Både i nordisk, europeisk og anna internasjonalt samarbeid er det behov for tovegs formidling av synspunkt og informasjon. Det er viktig at vidare utvikling blir teke vare på og at dei erfaringane som er opparbeidde internasjonalt blir brukte i praktisk arbeid.

Internett er ein informasjonskanal som får meir og meir å seie for demokrati og forvalting. Internett er viktig for alle brukarar og kan gje nye tilbod for mange grupper om teknologien blir utnytta. Heimesida til Statens forurensingstilsyn vart kåra til den beste statlege nettstaden i 2002. At sida skulle vere tilgjengeleg for funksjonshemma etter internasjonale standardar var eitt av kriteria for vurderinga. Nettstaden vart utforma av Enzo FingerDesign AS, Gazette AS og SFT.



Meir informasjon på nettstaden
<http://www.universell-utforming.miljø.no>



Luftkvalitet påverkar helsa og, for mange allergikarar, avgjer det kor mykje dei kan ferdast ute. Det blir arbeidd med å redusere lokal luftureining og betre informasjonen til publikum. Fleire norske byar har løpende varsling av luftkvaliteten i område der mange menneske ferdast.



©Fjellanger Widerøe AS

Kristiansand kommune har utvikla lett tilgjenge og gode brukskvalitetar for eit breitt spekter av innbyggjarar gjennom å satse på medverknad og systematisk planlegging. Kommunen fekk i 2002 både ein nasjonal og ein nordisk tilgjengepris og Bymiljøprisen til Miljøvernministeren.



Foto: Norsk Designråd

Universell utforming siktar mot å redusere bruken av spesielle tekniske hjelpe-middel. Noko vil likevel alltid vere nødvendig. Vidareutvikling og alminneleggjering gjennom god design er ønskjeleg. Rullestolen Chairborne kan brukast om bord i fly og klappast saman slik at han får plass i bagasjehylla. Stolen fekk Merket for God Design av Norsk Designråd i 1999 og er utforma av Abry Industrial Design AS og Composite Technique AS.

Permanenten, Vestlandske Kunstindustrimuseum i Bergen, er eit bygg frå 1896. Ved rehabiliteringa vart hovudinngangen flytta frå avsatsen med dei monumentale trappene til gateplan i trappe-sokkelen. Dette gir betre utnytting av bygningen og lettare tilgang. Rehabiliteringa er planlagt av Arkitektgruppen CUBUS AS.



Foto: Cathrine Schiøll Heneide

Liatjønna friluftsområde i Mosvik i Nord-Trøndelag har høg funksjonell standard og gir høve til aktivitetar for heile familien. Prosjektet vart kåra til «Årets friluftsområde» i Nord-Trøndelag i 2001.



Foto: Svein Magne Fredriksen



Utgjevar: Miljøverndepartementet

Fleire eksemplar av introduksjonsbrosjyren
kan tingast frå Statens forureiningstilsyn (SFT)
Postboks 8100 Dep, 0032 Oslo
Telefon 22 57 34 00
Telefaks 22 67 67 06
<http://www.sft.no/skjema.html>

Design og trykk: Zoom Grafisk AS
Opplag: 2000/desember 2002

T-1423 N ISBN 82-457-0375-3